



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Ungdomsrådet	
	Oppvekstutvalet	
	Maritim og teknisk utval	
	Utval for helse og omsorg	
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Eldrerådet	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

### Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024

#### Samandrag:

Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 omhandlar bruken av kommunale midlar til drift og investering. Formannskapet fekk ei orientering om budsjettsituasjonen for 2021 i formannskapsmøtet 3. november.

Etter handsaming i formannskapet 17. november, ligg saka til ute til uttale i to veker. Endeleg vedtak vert gjort i kommunestyret den 10. desember.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

- 1 Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2021 (avrunda ned til næraste kr 10.000,-).

		2020	2021
13	Servicetorg	3.280.000	3.220.000
14	Dok senter og pol sekr.	2.810.000	2.970.000
15	Økonomiavdelinga	5.170.000	4.500.000
16	Personal og org. avdelinga	7.980.000	7.870.000
60	Eigedomsavdelinga	20.490.000	20.060.000
	<b>SUM STABSAVDELINGA</b>	<b>39.830.000</b>	<b>38.620.000</b>
21	Barnehageavdelinga	72.750.000	73.150.000
22	Grunnskuleavdelinga	109.840.000	107.140.000
2271	Kvalifiseringssenteret	-640.000	-2.430.000
2275	PPT	4.320.000	3.900.000
2281	Kulturskulen	4.080.000	4.190.000
	<b>SUM GRUNNSKULEAVDELINGA</b>	<b>190.350.000</b>	<b>185.950.000</b>
30	Sektorleiing Helse og omsorg	-6.600.000	1.400.000
31	Avd for barn, familie og helse	61.140.000	59.250.000

32	Pleie- og omsorgsavdelinga	119.590.000	116.830.000
33	Bu- og habiliteringsavdelinga	44.140.000	45.910.000
35	Avd for Tenestekoordinering	8.810.000	8.920.000
	<b>SUM HELSE OG OMSORG</b>	<b>227.080.000</b>	<b>232.310.000</b>
40	Kulturavdelinga	10.110.000	9.530.000
50	Utviklingsavdeling	5.000.000	6.700.000
504	Landbruksavdelinga	1.480.000	1.280.000
506	Avd for brannvern og feiing	8.770.000	8.270.000
51	Anleggs- og driftsavdelinga	8.980.000	8.770.000
	<b>SUM SAMFUNNSUTVIKLING</b>	<b>34.340.000</b>	<b>34.550.000</b>
10	Folkevalde/Politisk leiing	3.840.000	3.760.000
12	Adm leiing	1.870.000	2.040.000
17	IKT / SSIKT	9.180.000	9.380.000
18	Overføringar	15.780.000	13.870.000
	<b>SUM ANDRE OMRÅDER</b>	<b>30.670.000</b>	<b>29.050.000</b>

- 2 Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskattøre for år 2021
- 3 Investeringsprosjekt som det er løyvd budsjettmidlar til i 2020, men som ikkje er avslutta, vil automatisk få overført unytta ramme til 2021.
- 4 Måltal:
  - a. Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av netto driftsinntekter seinast innan 2026
  - b. Kommunen sine disposisjonsfond skal utgjere 10% av samla frie inntekter seinast innan 2028
  - c. Kommunen si netto lånegjeld (eks startlån) skal innan 2030 ikkje overstige 100% av kommunens driftsinntekter.
  - d. Kommunens eigenfinansiering av investeringar skal ligge på 20% innan 2024.
- 5 Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre, når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.
- 6 Alle investeringsprosjekt, også dei som er omfatta av kloakkrammeplanen, skal så snart dei er ferdige leggast fram for kommunestyret for endeleg godkjenning (økonomisk avslutning).
- 7 Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.
- 8 Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 31,1 mill for 2021 + 10,0 mill i vidareutlån i Husbanken. Ordførar og/eller kommunedirektør får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet.
- 9 Herøy kommunestyre godkjenner ein trekkrett i Danske Bank AS på inntil 100,0 mill kr. til utløpsdato for gjeldande bankavtale 01.09.

- 10 Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansieringar i budsjettåret 2021. Kommunedirektøren står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
- 11 Kommunedirektøren får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.
- 12 Kommunestyret vedtek budsjettet for 2021 og økonomiplanen for perioden 2021-2024 på grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

**Saksopplysningar:**

Viser til vedlegg Budsjettdokument av 12.11.2020

**Vurdering og konklusjon:**

Formannskapet skal sende si tilråding til kommunestyret for handsaming 10.desember. Tilråding til budsjett- og økonomiplanforslag skal ligge ute til offentleg ettersyn i minimum 14 dagar, jf. Kommuneloven 14-3.

Trond Arne Aglen  
Kommunedirektør

Geir Egil Olsen  
Økonomileiar

**Vedlegg:**  
Administrativt framlegg

**Saksopplysningar:**  
«Skriv her»

**Vurdering og konklusjon:**  
«Skriv her»

Likestillingsmessige sider ved saka:  
Konsekvensar for folkehelsa:  
Miljøkonsekvensar:  
Økonomiske konsekvensar:  
Beredskapsmessige konsekvensar:  
Konsekvensar for barn og unge:

Trond Arne Aglen  
Kommunedirektør

Saksbehandlarnamn  
Saksbehandlartittel